

Fylte losjesalen i Ålesund sist søndag:

Ålesunds-godtemplarnes spanande historie i flotte ord og tonar

Det var mykje humor, flott musikk og gode historier gjennom halvanna time for publikum i den bortimot fulle festsalen i Godtemplarnes Hus i Ålesund søndag kveld. Ålesund Historielag presenterte mykje av historia til foreninga, vart ledsaga av kjente songer og forteljingar frå byen.

BB – KNUT O. OPSAL

Ålesund Historielag starta i 2016 med å fortelle historiene til ymse lag og organisasjonar i byen, og med Godtemplarforeninga var dei no komne til 4. forestilling.

Eige kor og korps

Historiker og programleiar Torgeir Melsæter kunne fortelle at det denne gongen ikkje hadde vore noko problem å finne stoff dei kunne fylle forestillinga med. Godtemplarforeninga vart nemlig ei av dei største foreningane i byen, med m.a. eige kor, korps og revygruppe.



Forestillinga vart åpna med innslag frå dei historiske juletreffestane til Godtemplarforeninga - nemlig med "Stjerneguttene". Frå venstre Per Jan Vinje, Anne Standal, Sindre Søvik Erstad, Martha Standal, Rasmus Bondevik og Torgeir Melsæter. Bokstavane på hattane var referansar til bibelske namn og tekstar.



Frå revyen "Små gløtt i bendinga" frå 1944 vart revyvisa "Gamle Nordfjord" gjenskapt i losjesalen søndag. F.v. Per Jan Vinje, Torgeir Melsæter, Sindre Søvik Erstad og Martha Standal.

Lyst i bann

Godtemplarordenen kom til Norge på slutten av 1800-talet for å halde folk vekke frå drukkenenskap. Men dei møtte stor skepsis mellom anna frå kyrkja - som i Ålesund lyste foreninga i bann på bedehuset i 1880!

Men skepsisen forsvann etterkvart. God underhaldning på arrangementa vart nøkkelen til suksess i Ålesund. Dessutan vart det oppretta studiesirklar, medlemmane fekk opplæring i å delta i debattar. Både ordførarar og stortingsmenn kom ut frå dette.

Populære juletreffest

Også juletreffestane var kjente og populære, ikkje minst forestillinga Stjerneguttene". Og nettopp et innslag fra "Stjerneguttene" åpna forestillinga søndag kveld der samtlige aktø-

rar deltok.

Sildekabareten

Melsæter kunne vidare vise bilde og fortelje at under Sildekabareten i 1961 var ei ung Anne Johannesen med i ensemblet. Sidan den gong har Anne - som vart gift Standal - vore ei sentral kvinne i kulturlivet i Ålesund.

Ho hadde med seg dotter Martha Standal, som til dagleg jobbar som skodespelar ved Trøndelag Teater. Saman gav dei publikum herlige sangperler fra musikalane "Sommer i Tyrol" og "My Fair Lady". Alt vart framført akustisk saman med den dyktige pianisten Rasmus Bondevik og utan store mikrofonanlegg, slik det også vart gjort den gong det vart spelt første gong i losjen på 60-talet. Mellom innslaga deklamerte Sindre Søvik Erstad historiske

dikt med god patriotisme til Ålesund.

Fjellstua

I 1916 kjøpte Godtemplarordenen Fjellstua, og Melsæter kunne fortelle om gleden då den enkle speledåsen i lokalet vart bytta ut med eit piano. Men for å få det opp måtte det berast opp alle trappene. 30 mann stod for jobben!

Hellebroa

Forestillinga søndag vart muntert avslutta med humorist, gitarist og sanger Per Jan Vinje som sørga for allsong i Ålesunds-songane "Her nede på Kiperiktorget" og ikkje minst "Hellebroa" - begge komponert av Ålesunds-songaren Kjell Kiperberg - som forøvrig også var på plass i salen denne kvelden.

Foto og klassisk musikk i Tomrefjord

Søndag ettermiddag inviterer styret i Tomrefjord Kristne Forsamlingshus til "rekreasjon" med fotografi og klassisk musikk.

BB - EDMUND MELKILD

- Arrangementet har gratis inngang, og er meint å vere ei stund der folk kan ta seg tid til å slappe av og senke skuldrane, seier styreleiar Hans Frafjord i Tomre-

fjord Kristne Forsamlingshus. Det blir bildevising med fotografi av Audbjørg Gjerde Lippert, akkompagnert med klassisk musikk av Sissel Schjøtt.

- Det er tenkt å vere ei avslappande stund der ein set seg ned og tek inn sanseintrykka med både syn og høyrsel. Det blir mykje naturfotografi frå lokalområdet, med årstidene som tema, seier Lippert.

Audbjørg Gjerde Lippert frå Tomrefjord er ein ivrig fotograf som stort sett har kameraet med

seg når ho er ute i naturen. Ho gleder mange med flott naturfotografi frå både fjell og fjøre, og har blant anna halde foredrag i Vestnes seniorakademi med fotografi frå arktiske strok.

Bårdssnesfyret i Tomrefjord, Foto Audbjørg Gjerde Lippert.

